




Kyrkjeblad for Vestre Slidre



*Altartavla i Slidredomen med den krossfesta Jesus
minner oss om kva innhaldet og bodskapen i påskahøgtida er.*

*Tavla reiser seg som ein portal over altaret
og skal truleg vera eit bilde på inngangen til himmelen.*

Altartavla frå 1797 er utskoren i tre av Hans Jonassen Felde frå Torpa
og måla av Ole Hermundsson Berge frå Bagn som kjøpte garden Berge i Vestre Slidre.



Tanker omkring påskken

Vi har bedt Erik Rostbøll sende oss noen tanker om påske. Han skriver her om hvordan han opplevde den for snart en menneskealder siden.



Bildet stod i Kristeligt Dagblad i forbindelse med Erik Rostbølls 90 årsdag i 2016.

Præmisserne Påskken 2019

Verden så anderledes ud, det samme gjorde jeg. Men vi kunne høre to kirker kime om kap; påskeklokkerne! Året var 1944. Vi sad i skjul, dækning, sagde man dengang.

Det var endnu tidligt på dagen, vejret var mildt, imødekommen, fredeligt, men vi havde ikke fred i sindet, for præmisserne var angstvækkende. Vi afventede en nedkastning af våben, seks maskiner fra Royal Air Force skulle have været fremme for længst. En time kan være en evighed. Vel, vi kunne intet andet gøre end at vente. Så sagde jeg: Glædelig påske, til min kammerat. Han lo, og efter den gode latter føjede han til: Tak, som byder. Han må have kunnet mærke, at jeg undrede mig, for han føjede forklarende til, det har vist nok altid

forekommet mig, at præmisserne var lidt skæve, — — —. Da Royal Air Force udeblev, og kirkeklokkerne fortsatte, føjede han til: Ikke for at være nogen hedning, men ærlig talt, vi er jo, som vi er skabte til at være, verden ligger i det onde, og vi er med på legen, fra vi kommer til verden. Hvem er skyld i det? spørger jeg.

Da vi hørte noget, der kunne være Royal Air Force dure over trækronerne, hviskede Christian – min ven hed Christian: Glædelig Påske!

Vær ikke bekymrede for noget, men lad i alle ting jeres ønsker komme frem for Gud, idet i beder og bønfalder under taksigelse; så skal Guds fred, som overgår al forstand, bevare jeres hjerter og jeres tanker i Kristus Jesus.

Glædelig Påske

Amen.

Salmen som ikkje er gått ut på dato!

Valget av påskesalmen i år er den velkjende og mykje brukte «Jesus lever, graven brast» av Johan Nordahl Brun, omsett til nynorsk av Bernt Støylen.

*Jesus lever, graven brast! Han stod opp med guddomvelde.
Trøsten står som klippen fast: at hans død og blod skal gjelde.
Lynet blinker, jorden bever, graven brast og Jesus lever!*

*Jeg har vunnet, Jesus vant, doden oppslukt er til seier.
Jesue mørkets fyrste bandt, jeg den kjøpte frihet eier.
Åpen har jeg himlen funnet, Jesus vant og jeg har vunnet!*

Johan Nordahl Brun vart fødd 21. mars 1745 på garden Høyem på Byneset. Han var ingen «kven som helst»; norsk prest, biskop i Bergen og diktar, jamvel ein av dei viktigaste salmediktarane i si samtid. Fleire salmar og sangar er og komne frå pennen hans. Mellom andre står han bak «Norges skaal», («For Norges Kiæmpers Fødeland») – den første «uoffisielle» norske nasjonalsangen, og «4 Udsigter fra Ulriken», som vart bysangen til Bergen.

SLITESTERK

«Jesus lever, graven brast», skriven i 1786, med melodi av Johann Rudolph Ahle og omarbeidd av Wolfgang Karl Briegel, viser seg å vera ein svært slitesterk salme. Det kjem nok mykje av at tekst og melodi står godt til kvarandre, men ikkje minst på grunn av den knappe, presise stilten den er skriven i; metta med innhald i kvar einaste verseline. Teksten er så klar og direkte at nokon modernisering ikkje har vore naudsynt ettersom den er like grei å forstå i dag som for ca 230 år sidan.

Einaste ordet som er skifta ut er eit «i» i andre verset, som er blitt «til» i dagens salmebok. Ikke verst etter dagens krav om «BEST FØR»-merking av det meste!


Tekst og melodi uttrykkjer sterkt og eintydig påskedagsgleda – og jubelen saman med det sentrale innhaldet i kristendomen.

NATURKREFTENE SOM VIRKEMIDDEL

Francis Bull kallar salmen «høidepunktet» i Bruns diktning: «Her er en koncentreret kraft, som ikke var sett i vor poesi siden Eddakvadene tid, en række kort tilhugne sætninger, og en mesterlig stigning i påskedramaet, hvor selv naturkraftene er med på å understreke det unike som skal skje: – «LYNET blinker, JORDEN bever, graven brast og Jesus lever!» – Mesterlig og genialt!»

Første og siste verseline i kvar strofe er like, men setningane er ordna i motsett rekkefylgje:

Jesus lever, graven brast / graven brast og Jesus lever



(eigentleg Johan Nordahl Brun Grieg). «Nordahl Bruns gate» finn vi i både Oslo, Bergen og Drammen. I Trondheim har dei «Nordahl Bruns veg».

Salmen vart i 1906 omsett til nynorsk som «Jesus lever, gravi brast» av Bernt Støylen (1858 – 1937). Ingen smågut, han heller; biskop i Christiansand stift, seinare Agder bispedømme fram til 1930.

Han har skrive ei nynorsk ABC i fire bind, og samarbeidde med Nordahl Rolfsen(!) om det store leseverket hans. "Norske barnerim og leikar" frå 1899 er framleis den største samlinga av publiserte barnerim den dag her til lands.

Saman med Peter Hognestad og Anders Hovden gav han ut Nynorsk salmebok i 1927. Mange meiner nok at omsetjinga han gjorde av tidlegare omtalte salme ikkje kom på høgde med originalen, men vi som voks opp med nynorsk salmebok song han på nynorsk, versa lærde vi utanå og bodskapen fekk vi tak i, vi og. Som avrunding fylgjer såleis Støylen si omsetjing, så kan du vurdere sjølv kva du synest.

*Jesus lever, gravi brast! Han stod opp med guddoms velde.
Trøysti står som fjellet fast, Kristi strid og blod skal gjelde.
Lynet blinkar, jordi bever, gravi brast, og Jesus lever!*

*Eg har vunne, Jesus vann! Mørkheims makt for honom rømde;
Krist or gravi utgang fann og for evig døden dømde.
Open har eg himlen funne, Jesus vann og eg har vunne*

Mellom etterkomarane til Johan Nordahl Brun finn vi t.d. lesebokforfattaren Nordahl Rolfsen – (fullt namn Johan Nordahl Brun Rolfsen) og forfattaren Nordahl Grieg

PÅSKE



Påska er den viktigaste og eldste kristne høgtida og vert feira til minne om Jesu oppstode frå dei døde. Den er eit drama på liv og død som utspelar seg over fleire dagar, faktisk ei heil veke og vel så det.

PALMESUNDAG rir Jesus inn i Jerusalem på eit esel og vert hylla som konge, og folk strøyr palmegreiner på vegon til ære for han. I katolsk tradisjon er presten kledd i raud kappe og dagen vert feira med prosesjon i tilknyting til sundagsmessan, der deltakarane held oliven- eller palmeblad i hendene. Tradisjonen med gásungar kan vera tenkt som symbol for desse palmene i nordisk samanheng ...

SKJÆRTORSdag et han for siste gong med disiplane, og under dette måltidet innstiftar han nattverden. Dette var og kvelden Jesus vaska føtene deira, og namnet «skjærtorsdag» kjem rimelegvis frå det gamalnorske «skira» som tyder «rensing». Fotvasking er eit symbol på kristen nestekjærleik og inngår ofte som ledd i kyrkjelege ritual i protestantiske kyrkjer. I den katolske kyrkja kan jamvel paven ta seg av fotvask. I katolsk tid i Norge vart dei som var lyste i bann tekne inn att i kyrkjesamfunnet denne dagen.

LANGFREDAG blir Jesus korsfesta på Golgata og døy. Dagen vart ein bots- og fastedag, frå middelalderen med eiga gudsteneste som var ulik den vanlege messa. Her hjå oss er liturgien enklare enn vanleg, og einaste dagen den liturgiske fargen svart kan veljast. I den katolske kyrkja vert dagen mange stader markert ved at dei legg eit svart klede over bilete av Jesus som tegn på hans død.

PÅSKEEFTAN er kvelden før påskedag. Denne natta vart tidleg brukt som nattvake frå laurdags kveld til sundags morgen. Markering med lys i og utanfor kyrkja vart eit viktig tegn på at «Jesus er verdens lys». Tradisjonelt er dette siste dagen i fasta. I nyare tid er det blitt vanleg å feire lysmesse natt til første påskedag, og på den måten fylgje Kristus frå mørket (døden) til lyset(livet).

PÅSKEDAG står Jesus opp frå dei døde, som evangelistane talar om i parallelle tekster (Matteus kap. 28 og Johannes kap.20.) Tradisjonelt er dette den hendinga all kristen tru byggjer på. Det nye Testamentet fortel om kvinnene som kom til grava påskemorgon for å stelle Jesu lekam, fann grava tom. Gudstenesta påskemorgon er framleis høgdepunktet i dei store kyrkjene si påskefeiring.

2. påskedag, måndag etter påskedagen, fortel om korleis Jesus møter to disiplar på veg til Emmaus og snur opp ned på livet deira slik at dei omvender seg.

DEN STILLE VEKA er veka frå palmesundag til påskeeftan. Det kjem av at ein i tidlegare tider ikkje ringde med kyrkjklokkene denne veka, og ikkje brukte orgelet under gudstenesta. I denne tida skulle ein i stort muleg grad la alt arbeid kvile, og det skulle vera stille både ute og inne. Det var og vanleg at fattige og andre trengjande gjekk gardimellom og tagg. Sparsemda frå fastetida gjorde at folk hadde meir å gje bort enn vanleg og dermed eit gunstig tidspunkt for tigging. Lenge etter reformasjonen heldt denne «påskestigginga» fram.

PÅSKEVEKA er same veka på folkemunne. I den norske allmennkulturen er påska kjent som den lengste offentlege ferien, og er ofte assosiert med hytteferie og skiturar, sol og blå himmel over kvite vidder, påskekrim og mange kulturtildob i byane. I store delar av landet markerer påska skillet mellom vinter og vår. Vanlege påskesymbol er påskeliljer og andre gule blomster, gule kyllingar, egg og gásungar (dvs. raklar på seljekvistar). Typisk påskemat er lam.



TIDFESTING AV PÅSKA

På kyrkjemøtet i Nikea år 325 vart det bestemt at den kristne påska (1.påskedag) skulle feirast på første sundag etter første måne etter vårjamndøgn. I vår tid er det fleire gonger blitt freslått å legge påska til same tid kvart år, uavhengig av måneåret. T.d. har første sundag i april vore nemnd, men så langt har den tradisjonelle måten å tidefeste denne høgtida på halde stand! Dei ortodokse kyrkjene i Aust-Europa fylgjer den eldre, julianske kalenderen. Av den grunn fell påskefeiringa deira som regel noko seinare enn i den vestlege verda.

SVEITTEDUKEN HENNAR VERONIKA


Gjennom legender frå middelalderen får vi høre om Veronika, ei kvinne som gav frå seg hovudplagget sitt til den lidande Kristus, så han kunne turke sveitten i det han segna under krossen. Då ho fekk att plagget sitt, stod andletstrekkha

hans avmerkt på det. Eit gammalt bilete i Peterskyrkja, som ser ut til å vera frå tidleg middelalder, er vorte identifisert med Veronika sin sveitteduk. Dette biletet vert og kalla «Veronika» ut frå namnetydinga vera ikon; som tyder det sanne biletet. Denne sveitteduken har hatt avgjerande påverknad på seinare kunstneriske framstillingar av Jesus.



Ny bok om Slidredomen

Lageret av jubileumsboka for Slidredomen frå 1987 er tomt. Vestre Slidre historielag tok initiativ til ei ny, oppdatert utgåve. Det vart utpeikt ei arbeidsgruppe som nett no arbeider med utkast til den nye boka. Den skal skal væra ferdig til jul 2019. Vi viser her bilde og omslag på boka frå 1987.



På baksida av omslaget står det skrive:

Den gamle steinkirken

Dette er boken om Slidredomen, den gamle hovedkirken i Valdres, dalførets «katedral».

Det er bygget sist på 1100-tallet (mye senere viser nyere forskning, red.anm.), og er den største og eldste av de tre middelalderske steinkirkene i Valdres, kanskje en av de eldste steinkirkene i hele landet.

Det er historien om Slidredomens enestående kunstskatter, om tak- og veggmalerier det knapt finnes maken til i Norge, om alterkalken som biskop Salomon skjenket til kirken etter Svartedauen og som har vært i bruk i Slidredomen i over 600 år.

Det er også historien om de mange generasjoner av mennesker som har vandret inn i Slidredomen, biskoper, prester og lekfolk, og om den rolle kirken har spilt for bygdefolket gjennom århunder.

Open kyrkje sommaren 2019



Slidredomen
vil også i sommar
vere open for be-
søkjande onsdagar
og laurdagar mellom
kl 11.00 og 17.00
f.o.m. onsdag 26.juni
t.o.m. laurdag
10.august. Kyrkje -
vakter vil vere til
stades.

Lomen
stavkyrkje
held også ope
med guiding
måndagar, tors-
dagar, laurdagar
og søndagar
mellom kl. 11.00
og 17.00 f.o.m.
laurdag 22. juni
t.o.m. søndag
18. august.



Øyjar kapell



Øyjar kapell vart innvigd i 1964, og har såleis allereie hatt sitt 50- års jubileum. Dette har så langt berre vore markert på ei messe i 2015, der noko av historia rundt byggingen av kapellet vart lagt fram.

Røn sokneråd har vedteke å få laga eit jubileumshefte som skal syne prosessen og historia rundt denne kyrkjebygginga. Dette arbeidet har drege noko ut, dels fordi ein enno arbeider med å skaffe fram stoff som ikkje tidlegare har vore trykt.

Vi håpar at kanskje nokon av leserane av kyrkjebladet har



opplysningar, historier eller bilder frå bygginga av Øyjar kapell. Det er også aktuelt med bilder frå tida før kapellet vart bygd, og bilder frå bruken av kapellet. Det hadde vore fint om vi på denne måten kunne få inn endå meir stoff til heftet vårt.

Røn sokneråd
Martin Wiknes


Gå pilegrim til sommeren!

Mange er kjent med at Valdres har sin egen pilegrimsveg. Er du blant dem som lenge har tenkt at den hadde vært interessant å gå en gang? Grip sjansen nå – gå den til sommeren!

Vi starter ved Hedalen stavkirke, og etter åtte dagers vandring gjennom «Norges blomsterdal» kommer en til St. Tomaskirka på Filefjell. Her er vakker natur, rik kultur, spennende historie – og kirkene ligger der som perler på en

snor. Vi organiserer bagasjefrakt, overnatting og mat. Velkommen til å være med på vår fellesvandring i perioden 28. juni – 6. juli 2019. Sjekk 'Pilegrimsvegen i Valdres' på facebook! Turleder og historiker Jahn Børø Jahnsen tar imot spørsmål (918 17 950 /jbjahnsen@gmail.com).

Spørsmål og påmelding går til pilegrimsprest Anne Hilde Øigarden (tlf. 915 50 389 / hiloeiga@online.no).



Vandring fra et tidligere år. Foto: Nils Berge Sundfør.



Fra pilegrimsvandringen 2018. Foto: Trond Øigarden.

Trufast og ansvarsfull medarbeidar – Marit E. Viste

Marit var med i Røn sokneråd i to periodar, i slutten av 1970-talet og i starten av 1980-talet. Arbeidet i soknerådet syntes ho var interessant.

I 1983 fekk sokneråda i Vestre Slidre laga konfirmasjonstelegram, og Marit tok på seg ansvaret med å levere ut telegram til alle som ville selja. Ho henta pengane for det som vart selt kvart år, og sette dei inn på konto i banken. Kondolansetelegram hadde alt vore i sal før, men no tok Marit over ansvaret for desse og. Marit har framleis denne oppgåva. Ho bestiller nye telegram når det trengs, hentar dei på Fagernes, med unntak av den siste leveringa, da vart telegrampakkene levert på døra heime hos henne. Ho har nok hatt utruleg mange turar med telegram rundt i Vestre Slidre. Konfirmanttelegram kunne bli utselt og da måtte ho ut med ny forsyning. Rekneskapen for denne handelen har ho også. Ho har vurdert å overlate telegramsalet til andre, men ho har ikkje gjort det enno.

Da det vart kyrkjestogo i Røn, var det Gudrun og Torbjørn Hamre som hadde ansvar for at alt var i orden der. Da dei var borte, tok Marit på seg å sjå til med kyrkjestogo. Det vart både reinhald, innkjøp av forbruksvarer og utlån av huset. Dette har ho framleis saman med soknerådet.

Marit har også vore med i sundagsskulen sidan 1983. Dei første åra var det Marit og Sigrid Rosendal som leia sundagsskulen i Storhaug krets. Dei brukte da Storhaug skule som samlingsstad.

Seinare, i 1986, da Røn kyrkjestogo var ferdig, vart Storhaug- og Røn sundagsskule slegne saman, og samlingane vart i kyrkjestogo. Sigrid Rosendal var med så lenge ho levde og likeeins Dagny Lisjordet.

Sidan vart det ein periode Marit måtte få med seg andre vaksne til å vera med å hjelpe til. Dei siste åra har Hilde Nybråten Berg og Marit vore saman. Marit har alltid bakt kake til kvar samling, og saft og kake var nok populært.



Hausten 2018 hadde Marit, i ein alder av 86 år, funne ut at det var best for henne å trekke seg attende frå sundagsskulearbeidet. Ho har aldri vore oppteken av ære og merksemd, men ho har vore trufast og ansvarsfull. I mai blir Marit 87år, og ho har i over 40 år vore i arbeid for born og vaksne i soknet. Det er ikkje mange som har gjort så mykje i det stille for kyrkja og bygda si som Marit.

Kyrkjebladet treng di støtte!

Kyrkjebladet blir drive på friviljug basis, og vi er avhengige av støtte frå lesarane. 1100 blad blir trykt opp ved kvar utsending. Trykk og utkøyring gjer ein pris på ca 16 kr pr. blad. Annonseinntekter dekker berre ein liten del av denne summen. For å fortsette å lage kyrkjeblad i same omfang og kvalitet treng vi meir støtte frå dykk! Vi er takksame for alle bidrag. Sjå gjerne rekneskap for 2018 på side 14.

Kontonr vårt er: **2153.07.09296**. Sjå også vedlagt giro. Merk det gjerne med «Kyrkjeblad».

Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Lomen Auto, Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Lena Maskin og Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Lomen Auto, Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar

Slidre: Coop Slidre

Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.

Skirenn i Lomen

Søndag 17. februar arrangerte søndagsskulen i Lomen sitt 36. skirenn! Søndagsskulen i Røn var også invitert, og etter gudstenesta møtte det opp 16 deltakrarar! Etter ei periode med mykje mildver var det mindre snø enn for nokre veker tilbake, likevel meir enn nok til å lage ei løype på jordet like ved kyrkja. Både foreldre, representantar frå soknerrådet og dei som hadde ansvaret for gudstenesta var engasjert publikum.

Alle gjekk kvar si runde på tid, og etter skirennet vanka det både diplom og flotte premiar til alle som deltok. Lomen sokneråd, representert ved Audun Øygard og Anne Marte Lyseng, serverte alle som var til stades pølser, heimebaka kringle og saft/kaffe. Takk til Lomen søndagsskule som igjen arrangerte eit flott og hyggeleg skirenn!!



KONFIRMANTAR I SLIDREDOMEN 25. mai kl. 10.00

Even Dalbø
Ture Follinglo Haugrud
Hannah Helle Hofseth
Therese Hålien
Thea Kjøs
Isabel Hjelle Lahaug
Thea Solberg
Tuva Sundheim

KONFIRMANTAR I LOMEN KYRKJE 25. mai kl. 12.00

Gudmund André Garvik
Silje Fjellvang Kristiansen
Lars Holten Riste

KONFIRMANTAR I RØN KYRKJE 26. mai kl. 11.00


Kaisa Elin Kristiansen Opheim
Alexander Juul De Sarrazin
Randi Marie Strømmen
Anders Sørengen
Vilde Skaran Tveit



BARNAS SIDE


Finn fem feil!

Jesus venta på dei på stranda med nysteikt brød og fisk. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet?



Fargelegg!

Jesus viste seg for læresveinane etter at han hadde stått opp frå dei døde. Peter vart så glad at han hoppa ut av båten!



Teikningar: Kari Sætland

Hjelp ekornet å finne nøttene!

Ekorn er veldig flinke til å gøyme nøtter, men dei er ikkje like flinke til å finne igjen gøyemestadane sine. Kan du hjelpe ekornet å finne nøttelageret sitt?



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i! **BARNAS**

Desse oppgavene
er henta frå bladet.

Bestill abonnement
på **sondagsskolen.no**
eller **22 08 71 00**



- Kannibalen var på flytur.
– Har du lyst til å sjå menyen?
spurde flyvertinna.
– Nei takk, men eg vil gjerne
sjå passasjerlista.

Vitsar

- Tre menn snakka
samан om merkelege samantreff:
– Kona mi las ei bok om tvillingar, og så
fekk ho det, sa den eine.
– Kona mi las ei bok om trillingar og så
fekk ho det, sa den andre.
– Hjelp! ropa den tredje. Kona mi sit
heime og les Ali Baba og dei
40 røvarane!

Flerkulturell isfiskedag i Vestre Slidre

De siste årene har Vestre Slidre Jeger- og Fiskarlag og fjelloppsynet i Vestre Slidre invitert 5.klassingene ved Vestre Slidre skule og elever fra introduksjonssenteret i Vestre Slidre på isfiskedag på Slidrefjorden.

Målsettinga med dagen var å gi barn og voksne økt glede og kunnskap om fiske og friluftsliv. For en del fra introduksjonssenteret, har nok dette vært første gang de har prøvd seg på isfiske.

Området ved Tingstein nedenfor Slidre sentrum er som regel base for aktivitetene på isfiskedagene. Plassen er ideell for slike aktiviteter da en har en stor gapahuk, toalett og bålpass rett ved Tingsteinen.

For å øke muligheten for fangst, setter jeger- og fiskarlaget ut en del snører agnet med meitemark kvelden før. Det første elevene gjør, er å sjekke disse snørene. Ut over dagen pilker elevene ivrig i håp om å få en ørret eller abbor på kroken.

Som en del av opplegget på isen får elevene innføring i sikkerhet på isen. Etter at elevene har fått demonstrasjon av ispigger og kasteline, har elevene fått prøve seg på egenredning og kameratredning. Her er det alltid stor innsats.

Mat er viktig når en er ute på tur hele dagen. Jeger- og fiskarlaget har med ørret og abbor som ble stekt på grillen. Det blir også servert kaffe og varm saft. Elevene fra introduksjonssenteret og elevene fra Vestre Slidre skule utvekslet også matretter med ulik kulturell bakgrunn.

I strålende vårvær og behagelig temperatur er isfiske-dagene en populær dag for elever, lærere og instruktører. Bedre klasserom er det vanskelig å finne.



Til tross for tolmodig pilking, ble det ingen fisk på kvinnene fra Syria.

På slutten av dagen er det loddtrekning, og 4 heldige elever mottar fiskeutstyr fra jeger- og fiskarlaget. I 2018 mottok elevene ved introduksjonssenteret 15 sett med pilkeutstyr.

Svein Erik Ski



Dagens yngste isfisker med en stolt pappa.



De fleste på Introduksjonssenteret i Slidre er fra Syria. De koste seg med tradisjonell syrisk mat på isen.



Området ved Tingstein nedenfor Slidre sentrum passer fint som base for isfiskedagen.

Vennekontaktar!

Vi treng fleire vennekontaktar i kommunen, og no oppfordrar sokneråda deg til å bli med. Som vennekontakt kan du besøke nokon, berre drikke kaffe og prate, gå ein tur i lag eller finne på noko anna hyggeleg. Å vere saman med andre er både verdifullt og gjevande. Vi treng vennekontaktar i alle aldrar og med ulike interesser – og ventar på å høre frå deg. Ta kontakt med Veslemøy Kvamme på kyrkjekontoret tlf. 61345095 – e-postadr. vk766@kyrkja.no

rØyst i Slidredomen

Like før jul kunne koret **rØyst** med dirigenten sin, Are Alund, by på ei fantastisk oppleving i Slidredomen. Koret hadde med fire gjestesongarar på galleriet og saman fylte dei kyrkjerommet med vakker klang.



Farvel til Heidi og velkommen til Geir!



Heidi Bergsbakken har jobba ved kyrkjekontoret sidan våren 2017. Ho har vore trusopplærar fram til i haust, og kontorfullmektig fram til no. Den 1.mai avsluttar ho også i kontorfullmektigstillinga. Det er kjærleiken som fører Heidi ut av bygda og til Sandefjord. Heidi har vore eit friskt pust ved kontoret. Vi kjem til å sakne ho, arbeidsinnsatsen og det gode humøret hennar!



Vi har fått ein ny tilsett ved kyrkjekontoret. **Geir Kongslien** har byrja som trusopplærar i 50% stilling og som kontorfullmektig i 20% stilling. Geir har jobba i miljøtenesta i Vang i mange år, er klokkar i Høre kyrkje og ein habil songar både som solist og korsongar. Han gler seg til å jobbe med born og ungdom gjennom kyrkja samt bidra med orden på kyrkjekontoret. Fram til påske er Geir under opplæring. Vi er glade for å ha med oss Geir vidare og ser fram til å bli betre kjent med han. De vil få høyre meir om han i neste nummer av kyrkjebladet.

Rettingar

Nytilsett kyrkjetenar

I julenummeret av Kyrkjebladet skreiv vi litt om Josue Tchami Ndonko, den nye kyrkjetenaren i Slidre. Vi kom i skade for å gi ein del opplysningar som var feil og vil få rette opp det no:

Josue er frå Kamerun der han har vore engasjert i kyrkja i mange år, både som kyrkjegjengjar og korsongar. Han har budd i Norge i fleire år, og er gift med Kari Anne Frantzen. Josue er mekanikar og har vore assistenttrener for Valdres Fotballklubb.

Skakke/lause gravsteinar, opprydding og festeavgifter

Kalenderen viser at vi har byrja på vårmånadene. Etter kort vil snøen bli heilt borte og ei anna tid kjem. Med nysprungne krokus og alt anna som byrjar å spire kjem også «skavankane», som har ligge heilt eller delvis under snøen, fram. Mang ein gravstein på kyrkjegardane i Vestre Slidre vil stå litt på skakke. Kan hende legg det att lys, faklar eller anna emballasje frå ting som har pynta på gravstadar i vintermørket.



Dei som er festar på ein gravstad har ansvaret for å rydde ved gravstaden og rette opp steinar som står på skakke. Det er ikkje kyrkjekontoret eller dei dyktige kyrkjegardsarbeidarene sin jobb! Gravsteinar som er lause og til fare for andre som ferdast på kyrkjegarden må vi ta på alvor! Viss varsel blir gitt til festar og utbetring ikkje blir gjort, kan mø leggja ned steinar. Skulle nokon ha store problem med å ordne utbetring sjølv, ver grei å ta kontakt med oss på kontoret – så kan vi prøve å finne ei løysing i saman.

Fakturaer for ny festeavgift-periode sendast ut no etter påske. Fakturaen sendast ut for 5 år av gongen. Vi slit med at fleire ikkje betaler avgiften innan fristen, og kyrke-



kontoret brukar unødvendig mykje tid på å mase etter pengar. OBS! Frå og med i år gjer vi det derfor slik: Viss betaling ikkje er kome innan betalingsfristen, og purring heller ikkje blir fulgt opp, blir festet automatisk sagt opp. Sluttfaktura blir sendt ut; avgift for inneverande år pluss evnt avgift for fjerning av stein. Vi håper på den måten at folk respekterer betalingsfristen og arbeidet vi gjer for å halde kyrkjegardane i kommunen i god stand. Les gjerne vedtekten for gravplassane på neste side!



Dugnad på kyrkjegardane

I mai vil det bli annonsert datoar for dugnadar ved dei ulike kyrkjegardane i avis Valdres samt på kyrkja si facebook-side. Det plar vere mange som møter opp på dette – og det håpar vi på også i år! Vi er svært takksame for innsatsen de gjer desse dagane!



Vedtekter for gravplassane i Vestre Slidre

Jfr. lov av 7.juni 1996 nr.32 om kirkegårder, kremasjon og gravferd (gravferdsloven) §21.

Vedteke i Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd 12.02.98. Godkjent av kjent Hamar bispedømmeråd 13.03.98. Justert av Kyrkjeleg fellesråd i Vestre Slidre 22.04.04. Justert av Kyrkjeleg felleråd i Vestre Slidre 31.03.11 og 24.04.14. Endringar i følge lov og forskriftar.

§1 KYRKJEGARDSTILHØYRING

Aavlidne personar i kommunen skal som hovudregel gravleggjast på den kyrkjegarden dei soknar til, dersom dei ikkje vert gravlagde i ein annan kommune.

Dei som bur utanom kommunen kan berre få gravplass etter særskilt løyve frå fellesrådet (soknerådet) og mot å betale den avgift som til ei kvar tid er fastsett.

§2 FREDNINGSTID OG FESTETID

Fredningstid for oskeurner er 20 år.

Fredningstid for kister er 20 år ved Lomen, Slidre og Røn. Ved Øyjar kapell 30 år.

Festetida er 5 år.

§3 FESTE AV GRAV

Når kistegrav vert teke i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sida av og etter godkjenning frå kyrkjeleg fellesråd for ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av.

Når festetida er ute, kan gravstaden festast for 5 nye år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykkje frå kyrkjeleg fellesråd.

I god tid før festetida er ute skal festaren varslast i brev. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden tilbake til kyrkje-garden.

Ingen kan gravleggast i festa gravstad utan samtykkje frå festaren. Dersom festaren sitt samtykkje ikkje kan innhentast, kan kyrkjeleg fellesråd avgjerde spørsmålet om gravlegging. Festaren pliktar å melde frå om endring av adresse.

Når festaren dør, må arvingane verte samde om kven som skal overta festeretten. Namn og adresse til den nye festaren skal kyrkje-verja ha melding om.

§4 GRAV OG GRAVMINNE

Betjeninga på gravplassen vil syte for planering og tilsåing av grava etter gravlegging. Gravminne kan ikkje setjast opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging av kiste. I mellomtida kan ein setja opp eit merke med namn til den døde.

Kyrkjeleg fellesråd skal godkjenne gravminnet og fundament før det vert sett opp på gravplassen. Fellesrådet skal ha melding om kva tid ein ønsker å setja opp gravminnet. Det vert anvist plass for senter av gravminnet. Gravminne skal boltast etter forskriften §24.

Festar er ansvarleg for at gravminne ikkje er i forfall, til sjenanse eller fare for dei som ferdast på kyrkjegarden.

Gravminne kan leggjast ned dersom det ikkje tilfredstiller krav som er sett, eller er ein tryggleiksrisiko.

Kyrkjeleg fellesråd er ikkje ansvarleg for skadar på graver eller gravutstyr med mindre skaden skyldas aktloyse av tilsette på grav-plassen.

§5 PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken rundt. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt.

Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkanten av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgre enn

gravminnet eller går ut over plantefeltet. Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter m.v. i plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Det er heller ikkje høve til å ramme inn grava eller deler av ho med hekk eller daudt materiale (steinar), men det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt natursteinskant som fluktar med terrenget rundt.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Ved fornying av gravfeste kan kyrkjeverja krevja at plantefeltet skal endrast slik at det samsvarar med gjeldande kyrkjegardsvedtekter.

§6 PLANTELIFANG

Plantar, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal vere heilt komposterbart.

§7 STELL AV GRAV

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar, har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt skal tilslåast av den ansvarlege eller av tilsette på gravplassen. Kyrkjeleg fellesråd kan syte for årleg planting og stell av grav mot betaling.

§8 GRAVLEGAT

Mot innbetaling av ein bestemt sum til eit gravlegat, vil kyrkjeleg fellesråd overta ansvar for planting og stell av gravstaden. Gravlegatet vert forvalta av fellesrådet sin daglege leiar som legarstyrar. Den innbetalte summen med tillegg av renter skal dekkje utgiftene til vanleg planting og stell av gravstaden i ei fastsett tid. Det skal i kvart einskild høve opprettast legatavtale.

Gravlegat kan ikkje opprettast slik at det varer lenger enn den fredningstida eller festetida som ligg framføre. Dersom det oppstår slike økonomiske forhold i legattida at midlane ikkje rekk til, skal legatstyraren gje melding om dette til den som er ansvarleg eller festaren. Det er høve til å auke legatet slik at det rekk tida ut.

Vert det ikkje auka, vil stellet av grava ta slutt når midlane er brukte opp.

Dersom det er midlar att av legatet når tida er ute, kan dei brukast av kyrkjeleg fellesråd til å gjere gravplassen vakrare. Gravlegata vert forvalta i fellesskap, men legatstyraren fører rekneskap for kvart legat som vert revisert årleg. Det er høve til å rekne provisjon for administrasjon og revisjon av legatmidlane.

§9 BÅREROM

Kyrkjeleg fellesråd disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på den døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Liksyning kan gjerast etter samtykkje frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

§10 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ynskjer å drive verksemد på gravplassane skal ha løyve frå kyrkjeleg fellesråd. Løyve kan tilbakekallast dersom vedkommande ikkje retter seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemد kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

Tilsette på gravplassen kan ikkje engasjere seg i sal av varer eller tenester som har med gravplassen å gjøre.

§11 RO OG ORDEN

Freden på gravplassen må ikkje bli uroa av støy. Køyring på gravplassane må berre gå føre seg etter løyve frå kyrkjeverja. Sykling er ikkje tillatt. Hundar har ikkje tilgjenge til gravplassane.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Desember – mars

Døypte: Slidre Sokn: 13.01.2019 Ilja Haugrud

Røn Sokn: 24.02.2019 Kristian Nordli

Jordfesta: Slidre Sokn: 18.01.2019 Nils Einar Lahaug f. 1947
19.02.2019 Johan Asbjørn Thanke f. 1942

Røn Sokn: 11.12.2019 Marit Solhaug f. 1919
25.01.2019 Ola Røn f. 1990
05.02.2019 Kristoffer Ingemoen f. 1939
26.02.2019 Jan Myklevoll Hansen f. 1947
28.02.2019 Marit Bergli f. 1954
05.03.2019 Gerd Bøe f. 1935
12.03.2019 Tordis Marie Snortheim f. 1947

Lomen Sokn: 02.01.2019 Jon Hovi f. 1925
04.01.2019 John Lykken f. 1925
15.01.2019 Ståle Hovengen f. 1976
08.03.2019 Torgeir Kvissel f. 1931

Rekneskap 2018 for kyrkjebladet i Vestre Slidre

UTGIFTER

Oppsetting og trykking	36000
Porto (utsending)	12000
(9. klasse kører ut blada for oss)	
Merverdiavgift	9000
Sum utgifter	57000

INNTEKTER

Refusjon mva frå rekneskap	9000
Refusjon frå andre (annonseinntekt)	14300
Gåver frå andre	11650
Bruk av bundne fond	2783
Sum inntekter	39033
Sum meirforbruk	17966

Fondet er nå oppbrukt. Meirforbruket er større enn det har vore tidlegare, vi har motteke mindre støtte frå lesarane enn tidlegare år. I dette bladet har redaksjonen lagt ved ein giro som de kan bruke for å gje dykkar gave til kyrkjebladet. Kan hende det er enklare å hugse å gi støtte når ein har ein giro! Tusen takk for støtta vi har motteke frå dykk lesare i 2018, vi har motteke 11650,- TAKK!

Gåver til kyrkjebladet 2018

Annvor Kvale, Knut Oddvar Bergli, Karen Marie Volden Hamre, Haldor og Liv Ødegård, Harald Lome, Marit E. Viste, Borgny Lyster, Turid Berge, Nils K Dokken, Ellen og Ola Fosheim, Sigrid Rognes, Ola Riste, Anne Riste Skjelbreidalen, Arne Andreas Haugen, Annie og Endre Stee, Ragna Kari Høyne, Liv Berge, Tove og Jan Martin Hambro, Knut Fystro, Ellen Rud, Anne Karin Rud Truberg, Olaug Volden Hegge, Sigrid og Jon Bråten, Helfrid og Kjell Otto Tvenge, Veslemøy Kvamme, Astrid og Nils Anmarksrud, Nils Dokkehaugen, Olav E Kvale, Marit Høyne Tørstad, Oddny og Bjørn Røn, Else og Sigrid Skåren, Eli-Janne og Per Einang, Eva og Ove Hamre, Berit Karin Qualben, Anne Lise Hamre Husby, Inger Kopperud og Olav Røn, Vigdís og Bjørn Harald Hamre

Tusen takk for gåvene!

MESSELISTE

Dato	Dag	Tid	Stad	Prest
APRIL				
07.04	4. s. i fasten		FRIHELG	
14.04	Palmesøndag	11.00	Lomen	Sokneprest Ola Døhl
18.04	Skjærtorsdag	12.00	Vaset	Sokneprest Ola Døhl
19.04	Langfredag	19.30	Slidredomen	
20.04	Påskennatt	23.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
21.04	1. Påskedag	11.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
22.04	2. Påskedag	11.00	Sjukeheimen	Sokneprest Ola Døhl
28.04	2. s. i påsketiden		FRIHELG	
MAI				
05.05	3. s. i påsketiden	11.00	Øyjar	Sokneprest Ola Døhl
12.05	4. s. i påsketiden	11.00	Lomen	Sokneprest Ola Døhl
17.05	17. mai	09.45	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
17.05	17. mai	11.30	Røn	Sokneprest Ola Døhl
19.05	5. s. i påsketiden		INGEN MESSE	
25.05		10.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
25.05		12.00	Lomen	Sokneprest Ola Døhl
26.05	6. s. i påsketiden	11.00	Røn	Sokneprest Ola Døhl
30.05	Kristi himmelfartsdag	11.00	Lomen	Sokneprest Ola Døhl
JUNI				
02.06	Søndag før pinse		FRIHELG	
09.06	1. pinsedag	11.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
10.06	2. pinsedag	11.00	Sjukeheimen	Sokneprest Ola Døhl
16.06	Treenighetssøndagen	11.00	Røn	Sokneprest Ola Døhl
21.06		21.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
22.06		21.30	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl
23.06	2. s. i treeenighetstiden	12.00	Prestegården	Sokneprest Ola Døhl
30.06	3. s. i treeenighetstiden		FRIHELG	
JULI				
07.07	4. s. i treeenighetstiden	11.00	Fystro	Vikar
14.07	5. s. i treeenighetstiden	11.00	Syndinstoga	Vikar
21.07	6. s. i treeenighetstiden/Aposteldagen	11.00	Mo kyrkjeruin	Vikar
28.07	7. s. i treeenighetstiden		FRIHELG	
29.07	Olsok/Olavsdagen	19.30	Lomen stavkyrkje	Vikar
AUGUST				
04.08	8. s. i treeenighetstiden	11.00	Vasetstolen	Vikar
11.08	9. s. i treeenighetstiden	11.00	Lomen	Vikar
18.08	10. s. i treeenighetstiden		FRIHELG	
25.08	11. s. i treeenighetstiden	11.00	Slidredomen	Sokneprest Ola Døhl

Vi tek etterhald om endringar. Sjå «Det skjer» i avisa Valdres eller www.facebook.com/Kyrkja-i-Vestre-Slidre.

På kvar messe blir det tatt opp takkoffer. Kven som mottek offeret blir opplyst om på gudstenesta.

Stiftinga Torgeir Førs minne

Stiftinga Torgeir Førs minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leifar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkjane må vere frå Vang eller Vestre Slidre. Søknad kan sendast til: Torgeir Førs minne, Ellestadvegen 34, 2967 Lomen eller e-post: torgeir-forsminne@yahoo.no

VIPPS

Hugs at vi har VIPPS! Om du ikkje har med kontantar på ei gudsteneste og ynskjer å gje kollekt, kan du Vippse oss!

VIPPS-nr.: Slidre sokn 109786,
Røn sokn 105863,
Lomen sokn 137884.

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er ope: måndag til torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00

Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidrepresten@gmail.com

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb
Veslemøy Kvamme	61345095	Kyrkjeleverje
vk766@kyrkja.no	95868588	
Thomas Immanuel Vatn Weisser	99495455	Kantor
Geir Kongslien	61345098	Trusopplærar og Kontorfullmektig
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn
Josue Tchami Ndonko	46902865	Kyrkjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn, Øyjar og Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel Ringjar i Slidre
Jan Ole Bråten	91364677	Reinhaldar i alle sokna
Nils Einar Ormestad	90178983	Ringjar i Slidre Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje



*Redaksjonen ønsker alle
ei god og fredfull påskehøgtid*

Med helsing

Sigrun Sørengen, Elisabeth Robsam Dahl, Per Olav Eide,
Randi Øraker Horge, Lisbet Vik



Byggtorget
Fosheim Sag



• Alt i vann, varme og sanitær
• Vi er behjelplig med utslipstillatelse
• Vi utfører gravearbeid

RØN VVS AS
RØRLEGGERMESTER TORGEIR HEGGE
RØN BUTIKKSENTER, 2960 RØN
TLF. 61 34 44 15
FAKS 61 34 45 90 - MOBIL 95 81 68 99

SYNDINSTØGA
I hjarta til Valdres - syndinstoga.no

- Inskripsjon
- Oppussing
- Sikring av gravsteiner
- Salg av gravsteiner

Per Olav Eide

Tynvegen 3124, 2967 Lomen
Tlf. 916 74 876
Mail: pe-olave@online.no

joker
- helt i nærheten

VASET

Desse annonsørane betaler for utsendinga av dette nummeret.